



Reglar for bruk av fleksibel arbeidstid i Stad kommune

1. Vilkår for fleksibel arbeidstid

I tråd med arbeidsmiljølova § 10-2(3) kan arbeidstakarar i Stad kommune få fleksibel arbeidstid dersom dette kan gjennomførast utan vesentleg ulempe for kommunen.

Arbeidstakarar som er delvis sjukmelde kan ha fleksibel arbeidstid dersom dette er i tråd med oppfølgingsplanen, men kan ikkje opparbeide seg plusstimar i sjukemeldingsperioden då dette vil stride mot sjukemeldingsprosenten i sjukemeldinga.

Arbeidstakarar med delvis uførepensjon omfattast av fleksitidsreglane i same grad som deltidstilsette.

For leiarar som er unnateke reglane om overtid etter [arbeidsmiljølova § 10-12 \(1\)](#) og som ikkje får kompensasjon i form av ekstra fridagar etter [hovudtariffavtalen](#) kap. 1, § 6.3, gjeld reglane om fleksibel arbeidstid.

Arbeidstakar som fell inn under fleksitidsordninga skal føre inn pluss og minustimar i frammøteskjema.

Dersom det oppstår tvist, kan arbeidstakar bringe saka inn for tvistemålsnemnda.

2. Kjernetid og ytre arbeidstid

Kjernetid vil seie den tida på dagen då alle arbeidstakarar skal vere til stades. Kjernetida kvar dag er mellom kl. 0900 – 1400.

Med ytre arbeidstid meinast det tidsrom der arbeidet si byrjing og slutt kan variere frå dag til dag. Den ytre arbeidstida er frå kl. 0600 – 0900 og frå 1400 – 2100 måndag til fredag heile året.

Det kan ikkje arbeidast meir enn 10 timar dag eller 48 timar pr. veke, jf. arbeidsmiljølova § 10-5(1).

Etter individuell avtale mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar, kan det arbeidast fleksitid mellom kl. 2100 -2300 måndag til fredag og på frilaurdagar med inntil 5 timar mellom kl. 0700 – 1800.

Det er ikkje høve for å opparbeide seg plusstimar utan om ytre arbeidstid.

3. Avrekningsperiode

Avrekningsperioden er 12 månadar, og avrekningstidspunktet er sett til 31. desember kvart år.

4. Avspasering og tidsoverføring av plusstimar

Det er lov å overføre 40 plusstimar eller 10 minustimar til neste avrekningsperiode. Plusstimar utover 40 timar vert strokne utan kompensasjon med mindre det føreligg særlege grunnar for at dette skal utbetalast. Tid over 10 minustimar medfører trekk i løn. Deltidstilsette kan opparbeide, og føre over timar i h.h.t. stillingsprosent.

Avspasering av fleksitidstimar i kjernetida skal godkjennast av arbeidsgjevar i forkant av kvart enkelt tilfelle. Leiarane som er unnateke reglane om overtid etter [arbeidsmiljølova § 10-12 \(1\)](#), skal melde i frå om dagar dei skal avspasere.

I rimeleg tid før avrekningstidspunktet, skal arbeidsgjevar og arbeidstakar planleggje korleis opparbeidde plusstimar, som ikkje kan overførast, skal kunne takast ut i fri før avrekningsperioden er over. Arbeidsgjevar kan ikkje einssidig stryke overskytande timar utan at ein kan synleggjere at ein har teke avvikling av timar opp med arbeidstakar.

I dei tilfelle der arbeidstakar gjentekne gongar får stroke overskytande plusstimar over 40 timar, skal arbeidssituasjonen for vedkommande takast opp til vurdering mellom han/ho og leiar.

Plusstimar og minustimar skal avviklast i oppseiingstida. Det utbetalast ikkje kompensasjon for plusstimar som ikkje er blitt avvikla i oppseiingstida med det ligg føre særlege grunnar, minus fører til trekk i løn.

Dersom arbeidstakar ønskjer å avspasere både heile dagar og halve dagar, kan det avspasera plusstimar i alt 24 heile dagar pr. kalenderår. Deltidstilsette kan ta ut tal dagar til avspasering høvesvis etter avtalt stillingsprosent.

5. Overtid

Dersom arbeidsgjevar pålegg tilsette å arbeide utover ordinær arbeidstid, er dette overtidsarbeid etter arbeidsmiljølova §10-6. Arbeidstakar kan ikkje påleggast å arbeide fleksitid utover ordinær arbeidstid.


Pålagt arbeid ut over ordinær arbeidstid skal godtgjerast med overtidsbetaling eller avspasering time for time, i tillegg til utbetaling av overtidstillegg. Overtidstillegget kan ikkje

avspaserast.

Arbeidstakarar som arbeider deltid gis overtidsgodtgjersle når den daglege eller vekentlege arbeidstida overskrider normalarbeidstid for full stilling.

Pålagt overtidsarbeid som etter avtale skal avspaserast og plusstimar i fleksitidsrekneskapet, skal heldast åtskilt i fleksitidsskjemaet.

Vedteke av kommunedirektøren 30.9.2019



Åslaug Krogsæter